



## Statens vegvesen

Bjørn Karsten Skarsvaag  
Røysetvegen 100  
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:  
19/233792-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.09.2019

### Svar – Vedrørende varsel om stopp av pågåande arbeid på gbnr 21/237 på Davanger i Askøy kommune. Stenging av avkøyrsløye.

Vi viser til brev i frå Dykk av 30.08.19.

Når det gjeld Dykkar tilkomst til Fv 562, så er det riktig at vi oppfattar det utførte arbeidet som ei etablering av avkøyrsløye på Fv 562. Arbeidet er utført med fare for liv og helse for dei som ferdast på Fv 562. Slik vi oppfattar det, er arbeidet no avslutta.

Vi er klar over at kommunen sine kart viser ein form for avkøyrsløye/tilkomst frå Fv 562 til gbnr 21/237, slik du legg fram. Spørsmålet her er likevel om ein har fått løyve frå Statens vegvesen som er vegmynde, til å bruke avkøyrsløye. Vi kan ikkje sjå å ha slikt dokument i våre system. Dersom slikt løyve er gjeve for gbnr 21/237, ber vi om at det vert dokumentert snarast råd. Vi oppfattar at det eksisterer gangtilkomst til eigedomen på gbnr 21/237 i dag.

Slik vi opplever situasjonen, så er det svært trafikkfarleg å nytte denne avkøyrsløye, noko Dykk også refererer til. Det er 80 – sone på staden og det faktiske fartsnivået ligg nok ikkje under dette. Dette er likevel riktig fartsgrense, då vegen ligg i ubebygd område. Dette er også ei å få strekningar der det er mogleg å utføre forbikøyringar på Askøy. Det er soleis ikkje aktuelt å sette ned farten på staden. Dersom det ikkje ligg føre noko løyve på avkøyrsløye, skal ho heller ikkje nyttast med motoriserte køyrety. Vi ser at det blir køyrt til eigedomen via nemnde punkt frå Fv 562. Vi oppfattar dette som ulovleg bruk.

Dersom det er ønske om eit tilkomstpunkt til hytteområdet med bil så må dette søkast om på vanleg måte, jfr §§ 40–43 i Veglova. Søknadsskjema for dette er å finne på [www.vegvesen.no/skjema](http://www.vegvesen.no/skjema). Innsendt søknad er likevel ingen garanti for å få eit avkøyrsløye på ein så trafikkfarleg stad.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### Vedtak

Med bakgrunn i ovannemnde og i Statens vegvesen sitt sektoransvar som mellom anna gjeld trafikktryggleik, ber vi om at avkøyrsla vert stengd. Vi gjev frist for gjennomføring av stenging fram til 20.09.19. Dersom avkøyrsla ikkje er stengd innan denne fristen vil Statens vegvesen kunne stenge avkøyrsla for Dykkar rekning, jfr § 42 i Veglova.

### Klagerett

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Bødal Sigmund  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

ASKØY KOMMUNE, Klampavikvegen 1, 5300 KLEPPESTØ